



Odd Steinar Arnesen er ein engasjert person som yter stor frivillig innsats på mange område i bygdesamfunnet. Her frå prosjektet Gull av grus ( Arkivfoto ).

**Odd Steinar Arnesen er i dag tilsett som ny rektor på Uskedal etter Stig Berge-Soldal. Berge-Soldal er frå 1. august tilsett som rektor på Husnes ungdomsskule. Arnesen er 51 år, har lang tenestetid ved Uskedal skule og har i lange periodar vore assisterande leiar. Han er adjunkt med tilleggsutdanning. Odd Steinar Arnesen tek til i den nye stillinga 1. august.**

Mange kjenner Odd Steinar Arnesen godt frå frivillig arbeid, særleg innan idretten. Han har hatt ei rekkje styre- og gruppeoppgåver i Uskedal idrettslag. Gull av grus er berre eit av mange prosjekt han har engasjert seg i.

Odd Steinar har i mange år vore ein sentral person i leiargruppa i Festidalen. Ansvaret hans har vore sponsorarbeid og fylgja opp alt arbeidet med avtalar og tilrettelagde tilbod for sponsorane.

Det er rett å ta med at mor hans, Britt Jorunn Arnesen, var rektor på same skulen i mange år.

Uskedalen.no gratulerer Odd Steinar og ynskjer han lukka til som skuleleiar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal